



Årsmøtet 2019

Referat

Årsmøtet blei avholdt fredag 15. februar, på klubbhuset. Følgjande personar var til stades:

Bjørnar Nygaard; Svend H. Anondsen; Ingar Tjønnås; Torolv Bergskås; Oddgeir Torekåsa; Gunnar Snippen; A. Raukleiv; Helge Eika; Jone Molstre; Steinar Dahl; Leif-Gunnar Brekke; Henning Rønningsland; Kjell Nordbø; Alf Hvitsand; Jostein Bøen; Sigmund Sevatdal; Gunnar Rønningsland; Anne Kirsti S. Torekåsa; Marianne Lillebo; Kjell Tjønntveit; Atle Tjønnås; Sigbjørn Tjønnås; Kjell Arne Torekåsa; Svein Mikelborg.

Valg av ordstyrar.

Valgt blei formannen, Jostein Bøen.

Årsmelding for 2018.

Det framkom følgjande spørsmål/merknader:

Hytteutvalget: Det har vore 14 overnattingar i 2018. Dette er eksklusivt grunneigarane som har rett til å bruke hytta under sauesankinga.

Elveutvalget:

Meninga med uttrykket *dynamikk ørekyte-laks* er ørekytas påverknings på laksebestanden.

Med desse opplysningane/merknadene blei årsmeldinga godkjent.

Regnskap for 2018.

Kasseraren refererte regnskapet, som blei godkjent utan merknader.

Budsjett for 2019.

Posten *Gaver/tilskott* strykast. Det bør ikkje budsjetterast med ein så usikker inntekt.

Vi setter av kr. 20 000 til *Fiskestell Bøelva* og reserverar dette til prosjektet som vi søker om tilskott til (sjå Elveutvalgets årsrapport i årsmødinga). Vi meiner at grunneigarlaga og må yte noko.

Steinbua ved Småholmen må utbetrast, og vi budsjetterar med ein mindre sum. Vi har fått tilbod frå medlemar som er viljuge til å utføra dugnad, men vi må be om planar for dette arbeidet før dei kan setja gang.

Til *Prosjekt klubbhus* er det sett av kr. 85 000 til boring etter vatn og ny taktekking.

Med desse opplysningane/merknadene blei budsjettet for 2019 godkjent.

Valg.

Formann, nestformann, styremedlem, varamann Ingar Tjønnås og valgmemnd var på valg. Ingen nye kandidatar blei foreslått, og alle blei gjenvalgde med akklamasjon.

Revisorane velgjast ikkje på vanleg måte, men dei har hatt oppgåva i mange år, og vi går ut ifrå at dei er viljuge også denne gongen.

Innafor utvalga blei detgjort følgjande endringar:

Nytt medlem i Aktivitetsutvalget: *Dan Sindre Asberg.*

Kjell Tjønnveit går inn i Lifjellutvalget.

Han blir utvalgsleder i staden for Henning Rønningsland.

Oppretting av lakseutvalg.

Oddgeir Torekåsa fekk ordet og orienterte om kontakt han har hatt med Grenland Sportsfiskere om prøvefiske og registrering for NINAs prosjekt om oppdrettslaksens innverknad på vill-laksen (sjå styrets årsrapport i årsmeldinga).

Grenland Sportsfiskere har dette oppdraget for heile vassdraget og ønskjer at vi overtar Bøelva og eventuelt Tinndøla. Vi har sist haust hatt direkte kontakt med NINA, og det blei då utført ein del prøvefiske med uttak av skjellprøver.

Dette kan vera det fyrste oppdraget for eit lakseutvalg, som skal samarbeida tett med Elveutvalget.

Årsmøtet vedtok å oppretta et lakseutvalg og valde *Anne Kirsti S. Torekåsa* som utvalgsleder.

Bø Fiskelag om 10 år.

Dette temaet gjekk under samtaen i ett med temaet «Ordet fritt», og gjennomgangstonen var at vi må få fleire heilt unge med i den aktive delen av medlemsmassen. Då vi oppretta Ungdomsutvalget håpa vi at vi som ein bieffekt kunne freiste nokre av ungdomsskuleelevane til å fortsette med eit aktivt «ordentlig» medlemskap når konfirmasjonen var overstått.

Dette har vel ikkje slått til i nokon serlig mon.

Bø 21.02.2019

Svein Mikelborg